



Vågå
kommune
Landbrukskontoret for Sel og
Vågå

Landbruksdirektoratet
P.b. 1450 Vika
0116 OSLO

Melding om vedtak

Vår ref.
2008/323/29/

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Per-Ivar Weydahl
61293671

Dato
09.09.2019

Forskrift om tilskott til tiltak i utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap - høyring.

Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning fatta følgjande vedtak i sak 72/19 den 6.9.2019

- *Vågå kommune stiller seg positive til overføring av arbeidsoppgåver frå fylkesmannen til kommunen, slik som skissert i forslag til ny forskrift om tiltak i utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvsområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap.*
- *Det må vere ein føresetnad at det følgjer med midlar til administrasjon av ordninga. For Vågå kommune stipulert til 0,2-0,3 årsverk.*

Med helsing

Per-Ivar Weydahl
Landbrukssjef



**Vågå
kommune**

Arkivsak: 2008/323 -28

Arkiv:

Saksbehandlar:

Kjersti Reksen

Forskrift om tilskott til tiltak i utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap - høyring.

Vedlegg:

- 1 Høringsnotat - UKL og verdensarv

Saksframlegg:

«Utvalgt kulturlandskap i jordbruket» er ei tilskottsordning for å ivareta eit representativt utval av verdifulle norske jordbrukslandskap. Formålet med tilskottsordninga er å sikre verdier knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne – og kulturmiljø og sikre langsiktig skjøtsel og drift.

Frå 2020 vil «Utvalgt kulturlandskap i jordbruket» på landsbasis omfatte 46 område. I 2019 er samla budsjett 32,8 mill kr, der 11 mill kr. kjem frå LMD/jordbruksoppkjøret og 21,8 mill kr frå KLD. Nordherad er utvagt kulturlandskap i jordbruket i Vågå, og representerer jordbruksregion for Sør-Norges dal- og fjellbygder. I utstrekning er Nordherad ca. 14.000 daa, og omfattar 55 jordbrukseigedommar, der ca 30 er i drift. Tildelt tilskott for Nordherad er i 2019 1.000.000 kr.

Stortinget har vedtatt at forvaltninga av tilskott til utvalde kulturlandskap kan overførast frå Fylkesmann til kommune. Ny forskrift kjem som fylgje av ny rollefordeling med flytting av vedtaksmynde. Ny forskrift inneber ikkje nokon endring i formålet med tilskottsordningane, eller endring i type tiltak det kan søkjast tilskott til. Mottakarar av tilskott vil vere dei same som i dag.

Dei administrative og økonomiske konsekvensane av å overføre oppgåver til kommunane blir vurdert å vere knytt til kapasitet og kompetanse i kommunane. Dette betyr at kommunen må løyse nye oppgåver innafor sine eksisterande lønsbudsjett. I høyringsnotatet er det presisert at det i tillegg til ordinær behandling av søknadar, er viktig å ha gode prosessar for medverknad og informasjon til grunneigarar og drivarar om kva ordningane inneber. Budsjett – og rapporteringsarbeid vil vere ressurskrevjande.

Vurdering:

Nordherad sin status som utvalgt kulturlandskap i jordbruket er i seg sjølv positivt for Nordherad og for Vågå kommune. Nordherad er blant dei større jordbrukslandskapa som er omfatta av ordninga, både i areal og tal jordbrukseigedommar. Kommunen si handsaming av søknadar, administrasjon, budsjett og rapportering, samt prosessarbeid i Nordherad vil vere betydeleg. Utifrå vår kjennskap til ordninga vil samla arbeidsomfang kunne dreie seg om 0,2-0,3 årsverk. Blant anna er det utarbeida skjøtselsplanar som må reviderast og kontrollerast.

Det er uheldig at det ikkje følgjer med midlar når staten delegerer oppgåver til kommunane. Spesielt blir det også når det berre gjeld einiskilde kommunar, dvs. dei som har eit utvald kulturlandskap. I tillegg vil arbeidsomfanget variere avhengig av type utvald kulturlandskap og kva for kvalitetar det er tale om.

Rådmannens innstilling:

- Vågå kommune stiller seg positive til overføring av arbeidsoppgåver frå fylkesmannen til kommunen, slik som skissert i forslag til ny forskrift om tiltak i utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvsområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap.
- Det må vere ein føresetnad at det følgjer med midlar til administrasjon av ordninga. For Vågå kommune stipulert til 0,2-0,3 årsverk.

Saksprotokoll i Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning - 06.09.2019

- Vågå kommune stiller seg positive til overføring av arbeidsoppgåver frå fylkesmannen til kommunen, slik som skissert i forslag til ny forskrift om tiltak i utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvsområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap.
- Det må vere ein føresetnad at det følgjer med midlar til administrasjon av ordninga. For Vågå kommune stipulert til 0,2-0,3 årsverk.

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

- Vågå kommune stiller seg positive til overføring av arbeidsoppgåver frå fylkesmannen til kommunen, slik som skissert i forslag til ny forskrift om tiltak i utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvsområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap.

- Det må vere ein føresetnad at det følgjer med midlar til administrasjon av ordninga. For Vågå kommune stipulert til 0,2-0,3 årsverk.